Advokat/Jordskiftekandidat
Olav Felland (H)
Advokat/Master økonomi og admin.
Vetli Felland
Kontorsjef Randi J. Felland
(H) = Møterett for Høgsterett

**FELLAND**
**Advokatfirma**

**Justisdepartementet**
e-post: postmottak@jd.dep.no

Dalen, 8.4.2022

## Strukturen for domstolane i Telemark

Dei 5 advokatane i Vest-Telemark går inn for å få attende den tidlegare domstolsstrukturen i Telemark

**Vedlegg 1.**
Innslag i Vest-Telemark Blad frå 12.11.2021:
Regjeringa vil oppheva domstolsreforma – får støtte av advokatane.

**Vedlegg 2**
Innslag i Vest-Telemark Blad frå 04.02.2022 frå advokat Olav Felland:
Domstol i Vest-Telemark. Sorenskrivaren må attende til Kviteseid

**Vedlegg 3**
E-post til Telemark Advokatforening frå 03.03.2022 av advokat Vetli Felland.
Vest-Telemark må vera ein eigen domsstol

**Vedlegg 4**
E-post til Advokatforeninga i Telemark v/Heidi Amlie Grindem frå 22.03.2022 frå advokat Olav Felland.
Særleg om domstolsstrukturen for jordskifterettane i Telemark. Det blir gjort framlegg om at Midt-Telemark kommune, Notodden kommune og Nome kommune blir ført over til Øvre Telemark jordskifterett som er i Kviteseid.

Venleg helsing

Olav Felland

1.

VTB Vest-Telemark blad AKTUELT

PFU
Pressens Faglege Utval er eit klageorgan oppnemnt av Norsk Presseforbund. Organet som har medlemmer frå presseorganisasjonane og frå ålmenta, handsamar klager mot pressa i presseetiske spørsmål.
Adresse: Rådhusgt. 17, pb 46 Sentrum, 0101 Oslo. Tlf./faks: 22 40 50 40/55.
E-post: pfu@presse.no

■ Send inn tips til:
redaksjon@vtb.no
eller ring 35 06 88 00

# Regjeringa vil oppheva domstolsreforma –

**Medan jordskifterettsleiaren i Telemark ber om arbeidsro, gjer advokatane i Vest-Telemark sams front mot domstolsreforma til den førre regjeringa.**

**Isak Slettebø**
isak@vtb.no

■ **VEST-TELEMARK**

Det er fem advokatar i alt: Kristine Sandall og Inge M. Evja i Kviteseid, Vetli og Olav Felland på Dalen og Irina Telnes i Seljord og Bø.

Ingen av dei er nøgde med at Kviteseid er redusert frå hovudsete i Øvre Telemark tingrett, til berre ein rettsstad i Telemark saman med Skien og Notodden. Dei ynskjer reversen til den nye regjeringa velkomen.

**Trur det er mellomfase**

– Å reisa til Skien blir for langt for mange i Øvre Telemark, for då må du overnatta. Det er ikkje like enkelt for alle. Sei at du bur på Møsstrond og skal møta i retten i Skien klokka 08.30. Då må du av garde kanskje klokka 04 i båt, seier Olav Felland.

– Men går ikkje rettsakene i Kviteseid framleis, då?

Vetli Felland stadfester at folk frå Vest-Telemark normalt vil sleppa å dra ned til Skien.

– Det er rett at sånn som det er lagt opp i reforma, så er det oppretthalde i Kviteseid. Men me trur det berre er ein mellomfase. Alt no har Skien-domarar protestert mot å reisa opp hit. «Me treng vel ikkje gå på synfaring. Me har bilete på datamaskinen,» seier dei.

– Trur du domarane ville blitt dristigare med tida om reforma fekk liggja?

– Ja, det er openbert.

– Jordskifterettsleiaren fryktar omkamp om fire år dersom regjeringa gjer alvor av reverseringa?

– Om fire år vil ei ny regjering ha lettare for å leggja ned ein rettsstad utan sorenskrivarkontor enn ein med, svarar Olav Felland.



FAKTA

**DETTE ER SAKA**

- Den førre regjeringa fekk gjennomført ei domstolsreform i april i år.
- Før reforma var det 60 tingrettar i Noreg og 34 jordskifterettar. No er det høvesvis 34 og 19.
- Det som heitte Vest-Telemark tingrett, var ein av dei minste i landet og er no historie.
- Kviteseid er framleis ein rettsstad, men no er det berre éin sorenskrivar i Telemark, Dag Bjørvik, og han sit i Skien.
- Meininga med reforma var å styrka fagmiljøa og få nytta ressursane betre, men kritikarar fryktar at små rettsstader slik som Kviteseid vil bli nedprioriterte.
- Den nye regjeringa vil atterreisa dei gamle tingrettane, så lenge det ikkje er lokal semje om å la reforma liggja.

**YNSKJER EIN EIGEN TINGRETT I ØVRE TELEMARK:** – Det har alltid vore advokatar i Kviteseid, seier Inge M. Evja (i midten). Det forklarar han med at sorenski til høgre Olav Felland og Vetli Felland.

**– Kortare reiseveg er betre for rettstryggleiken**

– Kvifor er det så farleg å dra til Skien? Dei fleste er vel ikkje i retten så veldig ofte?

– Når saka går i Skien, vil både advokat og partar frå Øvre Telemark måtte overnatta. Det fører til auka kostnadar for partane. I neste omgang vil nye advokatar ikkje etablera seg i Øvre Telemark, då dei heller vil vera nær tingretten i Skien, svarar Vetli Felland.

Såleis meiner han at retten blir meir utilgjengeleg for dei som bur i distrikta. I tillegg vil vitne ha vanskelegare for å ta del i ei rettssak når reisevegen er lang.

Advokatforeininga i Telemark var imot domstolsreforma av dei same grunnane. Dei peika òg på at lokalkunnskapen blir svekt om advokatmiljøet forsvinn ut av Øvre Telemark. Likevel krev dei ikkje at Notodden og Kviteseid skal ha kvar sin tingrett, men det blir for lite med éin tingrett i heile fylket, meiner dei.

Der er Kristine Sandall samd:

– Slik eg ser det, vil ein sjølvstendig domstol i Øvre Telemark, samlokalisert med jordskifteretten, vera ei meir berekraftig løysing på sikt.

– Kanskje finst det ikkje prov for at store fagmiljø er veldig viktig. Men korleis veit de at store avstandar er eit problem?

– Det er meir eller mindre ei vedteke sanning at kortare reiseveg er betre for rettstryggleiken

## Seks personar vil bli mellombels kommunedirektør i Kviteseid

**KVITESEID:** Rådmann Øystein Tveit har som kjent sagt opp jobben i Kviteseid. Han blir assisterande kommunedirektør i Midt-Telemark, og har sin siste arbeidsdag i Kviteseid 31. desember.

Formannskapet meinte arbeidspresset på leiargruppa i kommunen i dag er så stort at det vil gje store utfordringar for deira faste oppgåver om ein av desse blir konstituert i stillinga. Derfor skal det bli tilsett ein mellombels kommunedirektør i tida mellom Tveit sluttar og ein ny administrativ toppsjef er tilsett.

3. november gjekk søknadsfristen ut. Den offentlege søkjarlista har seks søkjarar, fire menn og to kvinner. To av kandidatane har fått namnet sitt unntatt offentlegheita.

# får støtte av advokatane



arkontoret har skapt ein viss etterspørsel etter advokattenester i nærleiken. Til venstre Kristine Sandall og Irina Telnes, og

FOTO: ISAK SLETTEBØ

ken. Men dei har ikkje klart å dokumentera at det er føremoner med store fagmiljø, seier Evja.

Domarforeininga og Juristforbundet er tilhengjarar av reforma. Gjer ikkje det inntrykk på advokatane i Vest-Telemark?

– Det vil alltid vera eit fleirtal, og kvar sit dei? Jo, i byane, svarar Olav Felland.

– Er det nøko grunnleggjande gale med norsk rett? Barnevernssaker hamnar stadig i Strasbourg, og så har du Navskandalen. Kan ikkje dette vera knytt til storleiken på fagmiljøa?

– Dei døma har ingenting med domstolsstrukturen å gjera. Barnevernssakene som kjem til Strasbourg, har alt vore i Høgsterett, svarar Vetli Felland.

Så om det er noko gale med fagmiljøa i Noreg, gjeld det opp til høgaste rettsinstans, meiner han.

2.

VTB. fredag 4.2.2022

# Domstol i Vest-Telemark

**I VTB 22.1.2022 gjev jordskiftedomar Osen uttrykk for at det ikkje har noko føre seg å få domstolen attende frå Skien til Kviteseid, slik Senterpartiet og Arbeiderpartiet vil. Olsen viser til at ei ny regjering i framtida vil kunne gjera om det vedtaket.**

Det er mange grunnar for at eg trur at det ikkje vil skje. Eg skal nemne 3.

For det fyrste vil vi ikkje få ei ny H-regjering om 4 år. Folk har fått nok av den enorme sentraliseringa av offentlege jobbar – ein prosess – utan lokal tilknyting. Skilnadene mellom distrikt og meir sentrale område har vorte for stor.

For det andre vil vi truleg ikkje ha direktør Urke i Domstolsadministrasjonen. Han har vore pådrivar for nedlegging av domstolane sidan 2014. Han har arbeidd systematisk for nedlegging og seigpining av dei mindre domstolane. Då H-regjeringa la ned nesten 2/3 partar av domstolane, var det nærast ein personleg siger for Urke. Med ny regjering reknar eg med at han vil finne seg ein annan arbeidsplass – relativt raskt. I alle høve vil han ikkje få same oppdraget som han fekk av Solbergregjeringa. I det norske byråkratiet er det ikkje rom for politiske byråkratar. I 2014 kom Urke frå Bosnia-Herzegovina. Det er eit land med mindre utvikla demokrati enn i Noreg og eg vil tru at ein ikkje bør bruke same modellen i dei 2 landa.

For det tredje skal det mykje til før ei ny Solbergregjering vågar å overkøyre lokaldemokratiet – etter ein ny grundig prosess som no er i gang. Domstolane er trass i alt den 3. statsmakt som må vera over heile landet for å ha tillit og respekt. Ei ny Solbergregjering vågar ikkje å reinske distrikta for domstolar. Med den strukturen vi har no, vil det berre vera eit tidsspørsmål for når alle domarane kjem frå Skien eller Vestfold. Osen, som er busett i Kviteseid, lever ikkje evig. Vi må ha ein fast og stabil administrasjon med ein sorenskrivar på toppen.

**Olav Felland**

3.

Gmail

Advokatkontoret Felland <post@advokatfelland.no>

# Høring av endringer/reversering i domstolstrukturen

**Vetli Felland** <vetli.felland@advokatfelland.no> 8. mars 2022 kl. 15:58
Til: Heidi Amlie Grindem <hag@advokateneskien.no>
Blindkopi: post@advokatfelland.no

Hei,

Jeg er positiv til forslaget fra regjeringen. Forslaget styrker innbyggerne i Øvre Telemark sin rettssikkerhet, og tilgjengelighet til domstolene. Jeg er enige i regjeringens vurdering av at å ikke ha stedlig ledelse vil over tid trolig gå ut over hvordan ressursene blir fordelt, og igjen svekke grunnlaget for å opprettholde lokale domstoler. På sikt vil det bety at Kviteseid og Notodden blir svekket/lagt ned.

Dersom det skal være advokater i Øvre Telemark, må det også være en domstoler i Øvre Telemark. Dersom det ikke er gjennomførbart å opprettholde Nedre, Aust- og Vest-Telemark tingrett som selvstendige domstoler, så er det ønskelig at vi får en tingrett for Øvre og en tingrett for Nedre Telemark. Det er mulig å reise på dagsturer fra og til Kviteseid og Notodden. En tur til Skien er for lang for dagstur, slik at det da vil bli behov for overnatting. Dette fører til økte kostnader for innbyggerne i Øvre Telemark, og at det ikke vil etablere seg advokater i Øvre Telemark.

**Vetli Felland**
Advokat/Master i økonomi & adm. (MBA)
Felland Advokatfirma

**Mobil** 990 20 085
**Kontor** 350 77 677
**Adr** Hotellvegen 7, 3880 DALEN

**Web** advokatfelland.no
**Epost** post@advokatfelland.no

FELLAND
Advokatfirma

*Denne e-posten kan inneholde konfidensiell informasjon. Hvis du har mottatt den ved en feiltakelse, vennligst si fra til avsender og slett e-posten. Ikke del innholdet med andre eller kopier det.*

[Sitert tekst skjult]

4.

# FELLAND
# Advokatfirma

Advokat/Jordskiftekandidat
Olav Felland (H)
Advokat/Master økonomi og admin.
Vetli Felland
Kontorsjef Randi J. Felland
(H) = Møterett for Høgsterett

**Heidi Amlie Grindem**
e-post

Dalen, 22.03.2022

## Domstolsstrukturen for jordskifterettane i Telemark

Eg viser til e-posten min frå 15.3.2022 vedrørande tingretten i Vest-Telemark.

For ein del år sidan var det jordskifterett for del av Midt-Telemark. Den låg i Bø. Då den vart lagt ned, vart fleire av kommunane førde ned til Skien. Føresetnaden var at Bø kommune skulle førast over til Kviteseid, men det skjedde ikkje.

Når det no skjer ei omstrukturering, bør Midt-Telemark kommune, (Bø og Sauherad kommunar) Notodden kommune og Nome kommune førast over til Øvre Telemark jordskifterett.

Stutt om kvifor det bør skje.

- Bø kommune skulle ha vore ført over då jordskifteretten i Bø vart lagt ned, men det skjedde eit mistak og den vart ført over til Skien.
- Det er stuttare og enklare i dag å reise frå t.d. Notodden til Kviteseid enn frå Notodden til Skien.
- Det gjeld både reiseveg, vegtrafikk og parkering.
- Det same vil vera tilfelle for Nome kommune.
- Det vil vera betre trafikkale tilhøve å køyre til Kviteseid enn til sentraliserte Skien og betre høve for parkering, slik at ein totalt sparer tid.
- Dessutan får ein bygd opp ein større domstol i Øvre og Midt-Telemark.

Venleg helsing

Olav Felland

Olav Felland

<u>Kopi</u>
Adv. Inge Magnus Evja
Telemark jordskifterett

VTB Vest-Telemark blad AKTUELT

PFU
Pressens Faglege Utval er eit klageorgan oppnemnt av Norsk Presseforbund. Organet som har medlemmer frå presseorganisasjonane og frå ålmenta, handsamar klager mot pressa i presseetiske spørsmål.
Adresse: Rådhusgt. 17, pb 46 Sentrum, 0101 Oslo. Tlf./faks: 22 40 50 40/55. E-post: pfu@presse.no

■ Send inn tips til:
redaksjon@vtb.no
eller ring 35 06 88 00

# Regjeringa vil oppheva domstolsreforma –

**Medan jordskifterettsleiaren i Telemark ber om arbeidsro, gjer advokatane i Vest-Telemark sams front mot domstolsreforma til den førre regjeringa.**

**Isak Slettebø**
isak@vtb.no

**■ VEST-TELEMARK**

Det er fem advokatar i alt: Kristine Sandall og Inge M. Evja i Kviteseid, Vetli og Olav Felland på Dalen og Irina Telnes i Seljord og Bø.

Ingen av dei er nøgde med at Kviteseid er redusert frå hovudsete i Øvre Telemark tingrett, til berre ein rettstad i Telemark saman med Skien og Notodden. Dei ynskjer reversen til den nye regjeringa velkomen.

**Trur det er mellomfase**

– Å reisa til Skien blir for langt for mange i Øvre Telemark, for då må du overnatta. Det er ikkje like enkelt for alle. Sei at du bur på Møsstrond og skal møta i retten i Skien klokka 08.30. Då må du av garde kanskje klokka 04 i båt, seier Olav Felland.

– Men går ikkje rettssakene i Kviteseid framleis, då?

Vetli Felland stadfester at folk frå Vest-Telemark normalt vil sleppa å dra ned til Skien.

– Det er rett at sånn som det er lagt opp i reforma, så er det oppretthalde i Kviteseid. Men me trur det berre er ein mellomfase. Alt no har Skien-domarar protestert mot å reisa opp hit. «Me treng vel ikkje gå på synfaring. Me har bilete på datamaskinen,» seier dei.

– Trur du domarane ville blitt dristigare med tida om reforma fekk liggja?

– Ja, det er openbert.

– Jordskifterettsleiaren fryktar omkamp om fire år dersom regjeringa gjer alvor av reverseringa?

– Om fire år vil ei ny regjering ha lettare for å leggja ned ein rettsstad utan sorenskrivarkontor enn ein med, svarar Olav Felland.

**– Kortare reiseveg er betre for rettstryggleiken**

– Kvifor er det så farleg å dra til Skien? Dei fleste er vel ikkje i retten så veldig ofte?

– Når saka går i Skien, vil både advokat og partar frå Øvre Telemark måtte overnatta. Det fører til auka kostnadar for partane. I neste omgang vil nye advokatar ikkje etablera seg i Øvre Telemark, då dei heller vil vera nær tingretten i Skien, svarar Vetli Felland.

Såleis meiner han at retten blir meir utilgjengeleg for dei som bur i distrikta. I tillegg vil vitne ha vanskelegare for å ta del i ei rettssak når reisevegen er lang.

Advokatforeininga i Telemark var imot domstolsreforma av dei same grunnane. Dei peika òg på at lokalkunnskapen blir svekt om advokatmiljøet forsvinn ut av Øvre Telemark. Likevel krev dei ikkje at Notodden og Kviteseid skal ha kvar sin tingrett, men det blir for lite med éin tingrett i heile fylket, meiner dei.

Der er Kristine Sandall samd:

– Slik eg ser det, vil ein sjølvstendig domstol i Øvre Telemark, samlokalisert med jordskifteretten, vera ei meir berekraftig løysing på sikt.

– Kanskje finst det ikkje prov for at store fagmiljø er veldig viktig. Men korleis veit de at store avstandar er eit problem?

– Det er meir eller mindre ei vedteke sanning at kortare reiseveg er betre for rettstrygglei-

**FAKTA**

**DETTE ER SAKA**

- Den førre regjeringa fekk gjennomført ei domstolsreform i april i år.
- Før reforma var det 60 tingrettar i Noreg og 34 jordskifterettar. No er det høvesvis 34 og 19.
- Det som heitte Vest-Telemark tingrett, var ein av dei minste i landet og er no historie.
- Kviteseid er framleis ein rettsstad, men no er det berre éin sorenskrivar i Telemark, Dag Bjørvik, og han sit i Skien.
- Meininga med reforma var å styrka fagmiljøa og få nytta ressursane betre, men kritikarar fryktar at små rettsstader slik som Kviteseid vil bli nedprioriterte.
- Den nye regjeringa vil attreisa dei gamle tingrettane, så lenge det ikkje er lokal semje om å la reforma liggja.



**YNSKJER EIN EIGEN TINGRETT I ØVRE TELEMARK:** – Det har alltid vore advokatar i Kviteseid, seier Inge M. Evja (i midten). Det forklarar han med at sorenski til høgre Olav Felland og Vetli Felland.

## Seks personar vil bli mellombels kommunedirektør i Kviteseid

**KVITESEID:** Rådmann Øystein Tveit har som kjent sagt opp jobben i Kviteseid. Han blir assisterande kommunedirektør i Midt-Telemark, og har sin siste arbeidsdag i Kviteseid 31. desember.

Formannskapet meinte arbeidspresset på leiargruppa i kommunen i dag er så stort at det vil gje store utfordringar for deira faste oppgåver om ein av desse blir konstituert i stillinga. Derfor skal det bli tilsett ein mellombels kommunedirektør i tida mellom Tveit sluttar og ein ny administrativ toppsjef er tilsett.

3. november gjekk søknadsfristen ut. Den offentlege søkjarlista har seks søkjarar, fire menn og to kvinner. To av kandidatane har fått namnet sitt unntatt offentlegheita.

# får støtte av advokatane



ʋarkontoret har skapt ein viss etterspørsel etter advokattenester i nærleiken. Til venstre Kristine Sandall og Irina Telnes, og
FOTO: ISAK SLETTEBØ

ken. Men dei har ikkje klart å dokumentera at det er føremoner med store fagmiljø, seier Evja.

Domarforeininga og Juristforbundet er tilhengjarar av reforma. Gjer ikkje det inntrykk på advokatane i Vest-Telemark?

– Det vil alltid vera eit fleirtal, og kvar sit dei? Jo, i byane, svarar Olav Felland.

– Er det noko grunnleggjande gale med norsk rett? Barnevernssaker hamnar stadig i Strasbourg, og så har du Navskandalen. Kan ikkje dette vera knytt til storleiken på fagmiljøa?

– Dei døma har ingenting med domstolsstrukturen å gjera. Barnevernssakene som kjem til Strasbourg, har alt vore i Høgsterett, svarar Vetli Felland.

Så om det er noko gale med fagmiljøa i Noreg, gjeld det opp til høgaste rettsinstans, meiner han.